



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»


Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Høring av søknad om løyve etter forureiningslova - utfylling i sjø - Nye Øksenelvane kraftverk i Bremanger - Firdakraft AS- Høyringsfrist 15. mai 2024


Firdakraft AS skal ruste opp Øksenelvane kraftverk ved Ålfoten i Bremanger kommune. Det skal drivast åtkomsttunnel, utløpstunnel og kraftstasjon i berghall, som vil gje eit overskot av ca. 260 000 m³ sprengsteinsmassar. Ca. 116 000 m³ av desse er planlagt å nyttiggjere til landutviding ved tre ulike lokalitetar. Dei er Åskåra (40 000 m³) og Lunden (60 000 m³) på sørsida av Ålfoten, samt Portalområde (16 000 m³) på sørsida av Hundvikfjorden.

Utfyllinga ved Åskåra skal gje nytt landområde for eksisterande næringsbygg og har potensiale som framtidig næringsareal.






Utfyllinga ved Lunden er planlagt å utvikle til friområde, etter innspel frå bygdelaget.



Utfyllinga ved Portalområde er naudsynt for å få tilstrekkeleg areal til rigg og køyretøy i samband med anleggsverksemda. Den austre delen av arealet vil også ha nytte som vegutviding.



Utfylling er planlagt utført med tipping frå lastebil.

Norconsult har utført miljøteknisk sedimentundersøking og utarbeidd ei miljøriskovurdering basert på kjende fiskeriinteresser (låssettingsplassar og gytefelt kysttorsk) med forslag til avbøtande tiltak (tabell 9 i vedlagt rapport).

Søknad om løyve med risikovurdering og forslag til avbøtande tiltak er vedlagt.

Forventa varigheit på arbeid med utfylling i sjø er f.o.m. oktober 2024 t.o.m. januar 2026. For å sikre god framdrift og minst mogleg transport, er det planlagt å fylle ut massane vil skje kontinuerleg imens tunneldrifta pågår. Det er førebels ukjent kva som blir rekkefølga til utfyllingsarbeidet ved dei ulike tiltaksområda, då dette vert tilpassa det som er mest praktisk for entreprenør



Bremanger kommune har stadfesta at Statsforvaltaren kan slutthandsame søknader etter forureiningslova med atterhald om at tiltaka vert godkjend etter plan- og bygningslova. Skulle vedtak etter plan- og bygningslova ha føresegner/bestemmelser som er i motstrid med vilkår i løyvet etter forureiningslova må dette løyvet endrast i samsvar med kommunens planvedtak.

Ber om uttaler innan 15. mai 2024

Me sender søknad om endra løyve etter forureiningslova til offentlege organ og styresmakter som varetar ålmenne interesser mm

Statsforvaltaren ber om eventuelle uttaler til vedlagte søknad innan 15. mai 2024. Uttaler kan sendes til svlpost@statsforvalteren.no merka 2023/5712.

På Statsforvaltarens heimeside under høyringar ligg søknaden og vedlegga det er referert til i søknaden for nedlasting. <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad utfylling i sjø Nye Øksenelvane kraftverk Ålfoten Bremanger kommune

Kopi til:

Firdakraft AS

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bergens Sjøfartsmuseum			
Sør-Norges Fiskarlag			
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN